



Gebyr- og betalingssetter for 2021

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning

Plansak. Byggesak. Oppmåling. Eigarseksjon.



1 Innhald

GEBYR- OG BETALINGSSATSAR FOR 2021	1
LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR FOR TEKNISK FORVALTNING	1
PLANSAK. BYGGESAK. OPPMÅLING. EIGARSEKSJON.	1
GEBYR- OG BETALINGSSATSAR FOR 2021	
2 HEIMEL	4
3 IVERKSETTING	4
4 GENERELLE REGLAR	4
4.1 BETALINGSPLIKT	4
4.2 KVA REGULATIV SKAL NYTTAST	5
4.3 FASTSETTING AV GEBYR	5
4.4 SAKER DER KOMMUNEN IKKJE HELDT LOVPÅLAGTE TIDSFRISTAR FOR SAKSHANDSAMING	6
4.5 KOMMUNEN SINE KOSTNADER TIL FAGKUNNIG HJELP	6
4.6 GEBYR TIL STATLEGE ETATAR	6
4.7 VINTERSESONG (MATRIKKELFORSKRIFTA § 18, 3.LEDD)	6
4.8 OPPMÅLINGSFORRETNING UTFØRT AV REKVIRENT MED KVALIFISERT LANDMÅLAR	6
4.9 REDUSERT GEBYR	6
4.10 KLAGE	6
4.11 ENDRING AV REGULATIVET	7
5 TENESTER MED GEBYR ETTER MEDGÅTT TID.	8
5.1 TIMEPRIS	8
6 DIGITALT KARTGRUNNLAG	8
7 PLANSAK	8
7.1 OPPSTARTSMØTE REGULERINGSPLAN	8
7.2 PRIVATE REGULERINGSPLANAR (PBL. KAP. 12)	8
7.3 BYGGE- OG DELEFORBOD (PBL. KAP. 13)	9
8 UTBYGGINGSAVTALE OG REFUSJONSSAK (PBL. KAP. 17 OG 18)	9
9 DISPENSASJONSSAK (PBL. KAP. 19)	9
10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGE- OG DELES AK PBL. KAP. 20)	10
10.1 FØREHANDSKONFERANSE	10
10.2 TILTAK SOM KREV BRUK AV ANSVARLEG FØRETAK (PBL. § 20-3)	10
10.3 TILTAK SOM TILTAKSHAVAR SJØLV KAN SØKJE OM (PBL. § 20-4)	12
10.4 OPPRETNING/ENDRING AV EIGEDOM (DELINGSSAK PBL. § 20-1 M)	12
11 AVSLUTTA SAK FØR REALITETSVEDTAK FOR SØKNADAR OMFATTA AV KAPITTEL 9, 10 OG 17	12
12 ULOVLEGE TILTAK (PBL KAP. 32)	13
13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA	13
13.1 ETABLERING AV NY MATRIKKELEINING (OPPMÅLINGSFORRETNING ML. §§ 6, 10, 12, 13)	13
13.2 INNLØYSING AV FESTETOMT	13
13.3 AREALOVERFØRING (ML. §§ 10 OG 15)	14
13.4 GRENSEJUSTERING	14
13.5 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE (ML. §§ 10 OG 17)	14
13.6 KLARLEGGING AV RETTAR/SERVITUTTAR, OG MATRIKKELFØRING AV PRIVAT AVTALE OM GRENSER, OG MATRIKKELFØRING AV PRIVAT AVTALE OM GRENSER (ML. §§ 8 OG 19).	14
13.7 ETABLERING OG ENDRING AV UTEAREAL TIL EIGARSEKSJON (ML. §§ 6 E OG 10)	15



13.8	REGISTRERING AV JORDSAMEIGE (ML. §§ 6, 10 OG 14).	15
13.9	MATRIKKELBREV (STATLEG FASTSETT GEBYR ML. §3, MATRIKKELFORSKRIFTA §16).	15
13.10	AVBROT I REKVIRERT ARBEID (ML. § 32).	15
13.11	OPPMÅLINGSFORRETNING SOM VERT UTFØRT AV REKVIRENT MED KVALIFISERT LANDMÅLAR (ML. §5A) JF. REGULATIVET KAP.13.	15
14	GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR	16
14.1	KRAV OM SEKSJONERING ELLER RESEKSJONERING AV EIGEDOM	16
15	KONSESJON OG DELINGSSAKER I LANDBRUKET	16
16	VILTFORVALTNING	16
17	GEBYR FOR TILTAKSSAKER ETTER FORUREININGSLOVA	17
17.1	OPPRYDDING I FORUREINA GRUNN VED BYGGE- OG GRAVEARBEID (KAP. 2 I FORSKRIFT AV 01.06.04).	17
17.2	SØKNAD OM UTSLEPP FRÅ SEPARATE AVLØPSANLEGG. (FORUREININGSFORSKRIFTA KAP. 12, 13 OG 14.)	17
17.3	KONTROLL AV SEPARATE AVLAUPSANLEGG.	17
17.4	KONTROLL AV FORBOD MOT FYRING MED MINERALOLJE	17



2 Heimel

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning vedteke med heimel i:

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl.) av 27. juni 2008 § 2-1 og § 33-1
- Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkelova, ml.) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16
- Lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997 § 15
- Lov om vern mot forureining av 13. mars 1981 nr 6 - § 52a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndigheit til kommunane etter forureiningslova. Forureiningsforskrifta av 01.06.2004. Forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar av 28.06.2018.
- Lov om behandlingmåtar i forvaltningssaker (fvl.) § 27a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker mv.
- § 4 i forskrifta til offentleglova av 17.10.2008. nr.1119.
- Viltlova av 29.05.1981 nr. 38 § 40 og forskrift om kommunale viltfond § 6

Saker etter Lov om havner og farvann av av 17. april 2009 nr. 19 (hamne- og farvasslova) §27 og tilhøyrande lokal forskrift er delegert til Bergen Havn.

3 Iverksetting

Gebyrregulativet vedteke av Alver kommunestyre den 17.12.2020 i sak 168/20, og gjeld frå 01.01.2021.

4 Generelle reglar

4.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med Lov om renter ved forsinka betaling mm av 17. desember 1976.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, jamfør pkt. 4.6, kan ved store oppdrag blir fakturert månadsvis.

Gebyret skal betalast uavhengig av seinare endring av vedtak, klage på vedtak, klage på gebyr eller søknad om refusjon eller redusert gebyr. Klage eller søknad om fritak/reduksjon fører ikkje til utsett betalingsfrist.



4.2 Kva regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerestrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Ved bestilling av møter og førehandskonferanse vert gebyret for møte rekna ut frå gjeldande satsar på bestillingstidspunktet.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

4.3 Fastsetting av gebyr

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr. Gebyr i saker som krev dispensasjon kjem i tillegg. Der saka har manglar og kommunen må be om tilleggsopplysningar, vert det fakturert tilleggsgebyr slik det går fram av regulativet. Gebyr vert fakturert når det er fatta vedtak i saka. Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad. Ved avvist eller trekt sak blir det fakturert gebyr ved avslutta sak slikt det går fram av forskrifta for den aktuelle sakstypen.

Gebyr for førehandskonferanse vert fakturert etter gjennomført møte, eller ved avbestilling seinare enn 2 verkedagar før avtalt tidspunkt eller ved manglande oppmøte.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak, og vert fakturert etter handsaming av byggesøknad for tiltaket

Gebyr for handsaming etter jordlova, forureiningslova og lov om hamner og farvatn kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjør ca. 10 % av gebyret, jf. pbl § 33-1.

Førebels fastsetjing av gebyr for plansak skal skje i obligatorisk oppstartmøte.

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 månadar etter oppstartsmøte, vert saka avslutta og nytt oppstartsmøte må haldast før kunngjering av planoppstart. Tilsvarande gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 1,5 år etter halde oppstartsmøte. Det vert då fakturert nytt gebyr for oppstartsmøte. Vidare vert saka avslutta dersom korrigert planforslag ikkje er motteke innan 6 månadar etter høyringsfristen er gått ut.

I plansaker vert det fakturert gebyr for rettleiingsmøte, oppstartsmøter og undervegs møter når dei er gjennomført. Før plansaka, medrekna utbyggingsavtalar og planprogram mm vert lagt ut til offentlig ettersyn skal gebyr vere betalt. Gebyr vert fakturert når saka er sendt til politisk behandling eller saken er trekt.

Ved endring av reguleringsplan avgjer kommunen i kvart tilfelle om det er ei mindre endring eller om endringa er så vesentleg at det vert rekna som ei ny plansak. Der planendringa er rekna som ny sak, vert det fakturert fullt gebyr.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.



Ved oppmålingsforretning vert gebyr fakturert etter gjennomført oppmålingsforretning.

4.4 Saker der kommunen ikkje heldt lovpålagte tidsfristar for sakshandsaming

Der kommunen ikkje heldt dei lovpålagte tidsfristane for handsaming av byggesaker, delesaker/oppmålingssaker, private planforslag og søknadar om seksjonering, vil gebyret blir redusert etter reglane i byggesaksforskrifta § 7-6, forskrift om behandling av private forslag til detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova § 8, matrikkelforskrifta § 16, og eigarseksjonslova § 14.

Reduksjon eller bortfall gjeld ikkje dersom det er avtalt lengre frist i den einkilde sak.

4.5 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

Når kommunen må hyre inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret.

4.6 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i knytt til oppmålingsforretning, og eventuelt tinglysningsgebyr og dokumentavgift, skal dekkast av rekvirenten.

4.7 Vintersesong (Matrikkelforskrifta § 18, 3.ledd)

Perioden 01.12-31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

4.8 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar

Når det er ønskeleg for kommunen, kan kommune ved skriftleg avtale overlata til rekvirent å utføre sjølve oppmålingsforretninga eller teknisk del av denne. Arbeidet skal utførast av kvalifisert landmålar, godkjent av kommunen. I avtalen skal det m.a. fastsetjast arbeidsdeling og samhandlingsrutinar. Jf. gebyrregulativet pkt. 13.9. Matrikkellova § 5a

4.9 Redusert gebyr

Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er motatt. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

4.10 Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje klagerett på forskrifter, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret.



Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap. VI. Fylkesmannen er klageinstans.

4.11 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1000 til heile hundre kroner.



5 Tenester med gebyr etter medgått tid.

5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jf. dette regulativet, skal ein bruke følgjande timesatsar:

		2020	2021
5.1.1	Kontorarbeid	1.000	1.030
5.1.2	Feltarbeid	1.300	1.330

6 Digitalt kartgrunnlag

Betaling for kartdata til arealplanar vert rekna ut i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart.

Sjå www.statkart.no.

7 Plansak

7.1 Oppstartsmøte reguleringsplan

		2020	2021
7.1.1	Rettleiingsmøte (i forkant av oppstartsmøte) per møte	6.600	6.800
7.1.2	Oppstartsmøte, per møte	21.200	21.730
7.1.3	Undervegs møte		5.000
7.1.4	Pakke: for eit oppstartsmøte og to undervegs møter		24.230

7.2 Private reguleringsplanar (pbl. kap. 12)

		2020	2021
7.2.1	Planinitiativ		
	a) Avvist planinitiativ – administrativ avgjerd		12.000
	b) Avvising av planintiativ - politisk		0
7.2.2	Endring av reguleringsplan		
	a) Mindre endringar i reguleringsplan – administrativ avgjerd		25.000
	b) Mindre endringar i reguleringsplan – politisk avgjerd		34.000
7.2.3	Detaljreguleringsplan i samsvar med overordna plan		115.000
7.2.4	Detaljreguleringsplan i strid med overordna plan		130.000
7.2.5	Detaljreguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing		
	a) I samsvar med overordna plan		190.000
	b) I strid med overordna plan		205.000
7.2.6	Fast tilleggsgebyr for planområde per 25 dekar (25000 m2) Arealet som styresmakt krev inn i planområde skal ikkje vera med i utrekninga.		12.300



7.2.7	Melding til forslagsstillar om manglar i planforslag, per brev	2.900	3.500
7.2.8	Tilleggsgebyr der forslagsstillar på eige initiativ legg inn vesentlege endringar av eit komplett planforslag etter at det er innsendt for behandling.	25% av opphavsgebyr	25 % av ordinært gebyr
7.2.9	Tilleggsgebyr for godkjenning av konsekvensutgreiing for der kommunen er ansvarleg mynde etter forskrift om konsekvensutredning	54.000	55.400

7.3 Bygge- og deleforbod (pbl. kap. 13)

		2020	2021
7.3.1	Søknad om fritak frå vedtak om bygge- og deleforbod	Gebyr etter 9.1.2	15.000

8 Utbyggingsavtale og refusjonssak (pbl. kap. 17 og 18)

		2020	2021
8.1.1	Utbyggingsavtale. Etter medgått tid. Minstegebyr	27.600	28.300
8.1.2	Refusjonssak. Etter medgått tid. Minstegebyr	33.000	33.800

9 Dispensasjonssak (pbl. kap. 19)

		2020	2021
9.1.	Dispensasjon landbruk, natur og friluftsføremål (LNF) Dispensasjon som gjeld mindre tiltak etter pbl §§ 20-4 bokstav a, c og 20-5 inkl. mindre VA- anlegg og leidningstrase.	3.900	7.500
9.2	Dispensasjon Andre dispensasjonar frå lov, plan og forskrift.	10.300	17.000
9.3	Søknad om fritak frå byggtknisk forskrift (TEK)		7.500
9.4	Melding til søkjar om tilleggsopplysningar/mangelfull sak	1.700	1.750



10 Søknadspliktige tiltak (Bygge- og delesak pbl. kap. 20)

- Gebyret gjeld for oppføring og riving av tiltaka som går fram av regulativet og blir rekna per tiltak. Basisgebyret for ny bueining inkludera behandling av tilhøyrande konstruksjonar, anlegg og terrengendringar på same eigedom der det er nødvendig for tiltaket, t.d. murar, fyllingar, parkering.
- For tilbygg, påbygg eller underbygg som gjev ny bu- eller brukseining, eller som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal betalast gebyr som for nytt bygg.
- For andre frittstående bygningar som ikkje vert nytta til å bu i (uthus/garasjar m.m.) som er søkt oppført saman med bustad skal det betalast gebyr pr. tiltak. Det same gjeld for vegtilkomst som går over anna eigedom.
- For større utbyggingar/byggefelt vert det rekna eige gebyr for anlegg for veg, vatn- og avløp og utomhusanlegg

10.1 Førehandskonferanse

		2020	2021
10.1.1	Førehandskonferanse	3.300	4.500

10.2 Tiltak som krev bruk av ansvarleg føretak (pbl. § 20-3)

		2020	2021
10.2.1	Basisgebyr bygg for bustad / fritidsbustad. Ny bueining i nytt/eksisterande bygg. For fleire bueiningar vert det gjeve tillegg for: - Einebustad 50 % av basisgebyr. - Fleirmannsbustadar: 100 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 1 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 11.	17.500	17.900
10.2.2	Basisgebyr bygg for - Landbruk. Med bruksareal (BRA) over 1.000 m ² .	17.500	17.900
10.2.3	Basisgebyr bygg for - Industri / Næring / Tenesteyting / Publikum. Asylmottak, hybelbygg, pensjonat, hotell, lager. For bruksareal (BRA) inntil 1.000 m ² .	22.500	23.100
	Fast arealtillegg for bygg etter pkt. 10.2.3. Pr/m ² BRA over 1.000 m ² .	31	32
10.2.4	Basisgebyr - Fellesbygg. Gjeld frittliggjande fellesanlegg i eige bygg med eige bygningspunkt og fellesanlegg i tilknytning til andre bygg, naust, sjøbu, bod, parkering, o.l. Tilleggsgebyr pr. eining/p-plass (i bygg). 100 % av basisgebyr frå om med eining nr 1 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr 11.	8.300	8.500



10.2.5	Basisgebyr - Andre bygninger, konstruksjoner og anlegg. <ul style="list-style-type: none">• Oppføring av enkeltstående garasje/carport, naust, uthus/bod, terrasse og liknande.• Kai/flytebryggje/molo. Basseng. Antenne/mast/skilt.• Innhegning mot veg.• Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjoner og terrenginngrep på bygd eieendom (avløpsanlegg)• Tilbygg/påbygg som ikkje gjev ny bueining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.• Fasadeendring og annan mindre endring/reparasjon som ikkje gjev ny bueining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.• Riving av tiltak som nemnd i dette punktet.• Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei bueining• Samanføyning av bueiningar Fast tilleggsgebyr over 100 m²	7.700 5.200	7.900 5.300
10.2.6	Basisgebyr - Konstruksjoner og anlegg. Jf. pbl § 20-1 a-l. <ul style="list-style-type: none">• Oppføring og riving• Tilbygg/påbygg/underbygg.• Vesentleg endring og reparasjon. Veganlegg, parkeringsplass og landingsplass, VA-anlegg, jordtipp, massetak, terrenginngrep og planering, innhegning og støttemur, hamne- og kaianlegg	17.600	18.000
10.2.7	Bygningstekniske installasjonar. Jf. pbl. § 20-1 f. a) Separat søknad om oppføring, endring og reparasjon.	3.800	3.900
	b) Separat søknad om rehabilitering/reparasjon av Pipe.	0	1.950
10.2.8	Basisgebyr - Bruksendring Gebyr vert rekna ut i frå det føremålet det vert endra til.	Som ny sak	Som ny sak
10.2.9	Delt sakshandsaming per vedtak T.d.: søknad om igangsetting, mellombels bruksløyve og endring. Kommunen avgjer om endringane er så vesentlege av det vert å rekne som ny sak med fullt gebyr.	5.000	5.100
10.2.10	Ansvarsrett. Saksbehandling av ansvarsrett – ukvalifiserte søkjarar. Gebyret kjem i tillegg til ordinært basisgebyr/gebyr for delt sakshandsaming. a) Pr føretak b) Personleg godkjenning (Sjølvsbygger. SAK §6-8)	 3.300 3.300	 3.400 3.400
10.2.11	Melding til søkjar om manglar/tilleggsdokumentasjon	1.700	2.500



10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl. § 20-4)

		2020	2021
10.3.1	Basisgebyr. Jf. pbl § 20-4 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2. Tiltak på bygd eigedom. - Frittliggjande Uthus/Garasje/Carport/Naust/Bod, Terrasse o.l. BRA < 70 m ² . - Tilbygg BRA < 50 km ² . - Mindre skilt/reklame/antennesystem. - Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei bueining. - Driftsbygning i landbruket med BRA inntil 1.000 m ² og tilbygg til driftsbygning der samla bygningen sitt totale areal inkludert tilbygget ikkje er over 1000 m ² bruksareal. - Midlertidige bygg/konstruksjonar/anlegg inn til 2 år. Fast tilleggsgebyr for mangelfull sak/tilleggsdokumentasjon	7.400 1.700	7.600 1.740
10.3.2	Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel T.d.: Mindre murar. Fasadeendring.	4.300	4.400
10.3.3	Delt sakshandsaming per vedtak T.d.: Endringar i løyve. Mellombels bruksløyve. Kommunen avgjer om endringane er så vesentlege av det vert å rekne som ny sak med fullt gebyr.	5.000	5.100

10.4 Oppretting/endring av eigedom (Delingssak pbl. § 20-1 m)

Det skal betalast gebyr for kvar ny eigedom, areal, anleggseigedom eller jordsameige.

		2020	2021
10.4.1	Oppretting/endring i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan.	4.300	4.400
10.4.2	Oppretting/endring i samsvar med arealformål. Der grensene ikkje er fastsett i eller i samsvar med godkjent plan eller området er uregulert.	7.700	7.900
10.4.3	Oppretting/endring som ikkje er i samsvar med arealformål	7.700	7.900
10.4.4	Melding til søkjar om tilleggsdokumentasjon	0	1.740

11 Avslutta sak før realitetsvedtak for søknadar omfatta av kapittel 9, 10 og 17

11.1	Gebyr for sak som avsluttast utan realitetsvedtak, anten ved at søknaden vert trekt eller at saka vert avvist.	2020	2021
	a) Dokumentregistrering utført.	920	940
	b) Sakshandsaming påbegynt.	1.700	2.500
	c) Sakshandsaming påbegynt dispensasjon etter høyring		5.000



12 Ulovlege tiltak (pbl kap. 32)

		2020	2021
12.1.	Oppfølging av ulovlege tiltak. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar. Etter medgått tid, minstegebyr:	4.500	6.000
12.2.	Vedtak med pålegg om retting eller stans (PBL § 32-3 og 32-4) Kostnader med tinglysing kjem i tillegg.	4.500	4.600
12.3	Vedtak om tvangsmulkt (PBL § 32-5)	4.500	4.600

13 Handsaming etter matrikkellova

13.1 Etablering av ny matrikkeleining (oppmålingsforretning ml. §§ 6, 10, 12, 13)

		2020	2021
13.1.1	Basisgebyr for etablering/oppretting av grunneigedom, anleggseigedom, festegrund, punktfeste	13.700	14.500
13.1.2	Fast arealtillegg		
	a) Areal frå 201 til og med 3.000 m ²	13.700	14.000
	b) Areal frå 3.001 til og med 20.000 m ²	18.300	19.100
	c) Areal frå og med 20 001 m ² til og med 50.000 m ²	46.000	47.200
	d) Areal frå og med 50.001 m ² . Som pkt. 13.1.2.c + medgått tid		
	Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomter samtidig - i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr.		
13.1.3	Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning. «Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomter samtidig - i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr.»	Etter medgått tid	4.000
13.1.4	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Som for etablering	Som for etablering
13.1.5	Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid	75 % av aktuell sats	75 % av aktuell sats

13.2 Innløysing av festetomt

13.2.1	Krev oppmålingsforretning dersom kart- eller oppmålingsforretning ikkje har vore halden tidlegare og grensene ikkje er merka og målt.	Gebyr som for etablering i 13.1
13.2.2	Der det tidlegare er halde kart- eller oppmålingsforretning og grensene er merka og målt.	75 % av aktuell sats



13.3 Arealoverføring (ml. §§ 10 og 15)

		2020	2021
13.3.1	Basisgebyr for arealoverføring	13.800	14.000
13.3.2	Fast arealtillegg		
	a) areal frå 501 – 3.000 m ² (3 dekar).	2.800	7.500
	b) areal frå 3.001 m ² - 20.000 m ² (20 dekar).	11.800	12.100
	c) areal frå 20.001 m ² - 50.000 m ² (50 dekar).	15.900	16.300
	d) areal frå 50.001 m ² . Som pkt. 13.3.2.c + medgått tid.		

13.4 Grensejustering

		2020	2021
13.4.1	Justering av eksisterande koordinatfesta grense for grunneigedom, anleggseigedom, festegrund og jordsameige,	13.800	7.500
13.4.2	Justering av ikkje koordinatfesta grense for grunneigedom, anleggseigedom, festegrund og jordsameige	13.700	14.000

13.5 Klarlegging av eksisterande grense (ml. §§ 10 og 17)

		2020	2021
13.5.1	Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense <u>i samsvar</u> med grense som er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning, eller tilsvarende forretning etter anna eller tidlegare lovgjeving. Inn til 6 punkt. Avvik inntil 10 cm, jf. matrikkelforskrifta § 36, 2.ledd.	7.000	7.500
13.5.2	Tilleggsgebyr frå og med punkt 7	1.170	1.200
13.5.3	Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense som ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller ikkje er koordinatbestemt, men har opphav i skyldskifte eller eldre utskifting. Inn til 6 punkt.	12.400	13.800
13.5.4	Tilleggsgebyr frå og med punkt 7	2.450	2.500
13.5.5	Basisgebyr ved uavklarte grensepunkt	Gebyr for etablering punkt 13.1	Gebyr etter punkt 13.1

13.6 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser og matrikkelføring av privat avtale om grenser (ml. §§ 8 og 19).

		2020	2021
13.6.1	Klarlegging av rettar og servituttar, gebyr etter medgått tid. Minstegebyr.	3.500	3.600
13.6.2	Matrikkelføring av privat avtale om grenser, gebyr etter medgått tid. Minstegebyr.	3.500	3.600



13.7 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon (ml. §§ 6 e og 10)

Der det vert rekvirert fleire enn 5 uteareal samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr.

13.7.1	Basisgebyr	2020	2021
	a) areal frå 0 – 50 m ² .	12.300	12.600
	b) areal frå 51 – 250 m ²	15.700	16.100
	c) areal frå 251 m ² - 2.000 areal (2 dekar)	19.400	19.900
	d) areal frå og med 2001 m ² (2 dekar)	22.100	22.600

13.8 Registrering av jordsameige (ml. §§ 6, 10 og 14).

		2020	2021
13.8.1	Registrering av eksisterande uregistret jordsameige. Etter medgått tid Minstegebyr.	1.500	1.540
13.8.2	Endring i registrert sameigefordeling. Etter medgått tid. Minstegebyr.	1.500	1.540

13.9 Matrikkelbrev (Statleg fastsett gebyr ml. §3, matrikkelforskrifta §16).

		2020	2021
13.9.1	Matrikkelbrev inntil 10 sider	175	175
13.9.2	Matrikkelbrev over 10 sider	350	350

13.10 Avbrot i rekvirert arbeid (ml. § 32).

		2020	2021
13.10.1	Avbrot forårsaka av rekvirent, gebyr etter medgått tid. Minstegebyr	1/3 av gebyrsats	1/3 av gebyrsats
13.10.2	Avvist sak. Etter medgått tid. Minimumsgebyr	3.500	3.600
13.10.3	Mangelfull sak m/melding til søkjar.	0	1.740

13.11 Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (ml. §5a) jf. regulativet kap.13.

		2020	2021
13.11.1	Tilrettelegging av datagrunnlag	10 %	10 %
13.11.2	Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon	40 %	40 %
13.11.3	Tekniske arbeid og dokumentasjon	15 %	15 %
13.11.4	Kontroll av punkt 2 og 3 og matrikkelføring (kommunen sitt ansvar)	35 %	35 %
13.11.5	Ved mangelfull dokumentasjon, kommunen sin kontroll og påpeiking av manglar: etter medgått tid, minstegebyr	0	1.740



14 Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar

14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom

Tinglysingsgebyr i samsvar med Tinglysingslova § 12 b og gebyr for etablering/endring av uteareal etter punkt 13.7 kjem i tillegg.

		2020	2021
14.1.1	Seksjonering nybygg		
	a) 1-4 seksjonar	7.400	12.000
	b) 5-10 seksjonar	15.900	16.300
	c) Frå seksjon 11, som punkt b med tillegg kr. 620 per seksjon		
14.1.2	Seksjonering eksisterande bygg		
	a) 1-4 seksjonar		14.000
	b) 5-10 seksjonar		17.000
	c) Frå seksjon 11 som punkt b med tillegg kr. 620 per seksjon		
14.1.3	Reseksjonering		
	a) 2-4 seksjonar	11.700	12.000
	b) 5-10 seksjonar	21.000	21.600
	c) Frå seksjon 11 som punkt b med tillegg kr. 800 per seksjon		
14.1.4	Sletting av seksjon på ein eigedom	3.650	3.700
14.1.5	Tilleggsgebyr for utarbeiding av matrikkelbrev for grunnareal som en del av ein seksjon utan markarbeid.		75 % av aktuell sats

15 Konesjon og delingssaker i landbruket

		2020	2021
15.1.1	Konesjonssaker. Konesjon ved erverv av fast eigedom (konesjonslova).	5.000	5.000
15.1.2	Konesjon for kjøpesum, mindre enn 1.million.	2.000	2.000
15.2.3	Delingssaker etter jordlova § 12	2.000	2.000

16 Viltforvaltning

			2021
16.1.	Fellingsløyve hjort		
	a) Vaksen hjort med slaktevekt over 40 kg		300
	b) Vaksen hjort med slaktevekt under 40 kg		180
	c) Kalv med slaktevekt over 20 kg		180



17 Gebyr for tiltakssaker etter forureiningslova

17.1 Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid (kap. 2 i forskrift av 01.06.04).

		2020	2021
17.1.1	Godkjenning av tiltaksplan. Gebyr for saksbehandling etter medgått tid, med minstegebyr	4.700	4.800

17.2 Søknad om utslepp frå separate avløpsanlegg. (Forureniningsforskrifta kap. 12, 13 og 14.)

- Der det vert etablert nytt avløpsanlegg, er det krav om utsleppsløyve og byggeløyve for anlegget.
- Utskifting av del av eksisterande anlegg av same type, storleik og plassering er reparasjon og er ikkje søknadspliktig.
- Privatperson eller eit organisert sameige kan søka om utsleppsløyve for fleire PE enn dei skal nytta sjølve.

		2020	2021
17.2.1	Søknad om endra utslepp ved endring / oppgradering av <u>eksisterande avløpsanlegg</u> , der det er eldre, godkjente avløpsanlegg. Reduksjon reknast etter basisgebyr i pkt. 17.2.2 og 17.2.3		
	Reduksjon etter ureiningslova sitt gebyr.	70%	70%
	Reduksjon etter Plan- og bygningslova sitt gebyr	70%	70%
	Søknad om endring av gitt utsleppsløyve	70%	70%
17.2.2	Basisgebyr nytt utslepp dimensjonert < 50 PE (forureniningsforskrifta kap. 12)	6.900	7.100
17.2.3	Basisgebyr nytt utslepp dimensjonert mellom 51 PE - og - 2.000 PE til ferskvatn / elv og 10.000 PE til sjø (forureniningsforskrifta kap. 13)		
	a) for anlegg frå 51 PE - 1000 PE (ferskvatn/elv)/ 5.000 PE(Sjø)	18.700	19.200
	b) for anlegg frå 1001 PE - 2000 PE (ferskvatn/elv)/ 10.000 PE(Sjø)	34.800	35.700

17.3 Kontroll av separate avlaupsanlegg.

		2020	2021
17.3.1	a) Anlegg med utslepp < 50 PE (Kap 12)	5.000	5.100
	b) Anlegg med utslepp 51-2.000 PE til ferskvatn/elv og 10.000 PE til sjø (Kap 13)	8.300	8.500

17.4 Kontroll av forbod mot fying med mineralolje

17.4.1	Kontroll av forbod mot fying med mineralolje etter forskrift mot forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar § 11	Etter medgått tid
--------	--	-------------------